



Arkivnr: 2014/65-2  
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.01.2014

## Godkjenning av 20 prosjektrekneskapar i hovudsak innan skulesektoren

### Samandrag

Fylkesrådmannen tilrår i saka at dei 20 prosjektrekneskapane vert godkjent.

Totalt budsjett/kostnadsramme for dei 20 prosjekta er på kr 16 495 000 og rekneskapen totalt er på kr 16 862 259. Dette er eit negativt avvik på kr. 367 259 eller -2,2%.

Av litt større prosjekt kan nemnast ombygging på Os vgs, mjølkerobot på Voss jordbruksskule og Stend jordbruksskulegard og utbetring og utbygging ved Austevoll tannklinikk. Elles er det mange prosjekt innanfor brannsikring, enøktiltak og utbetring av elektriske anlegg på vidaregåande skular. Fylkesrådmannen viser til oversyn over prosjektrekneskapar som er vedlagt saka.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

Vedlegg: Kontrollutvalssak 21/13 med oversyn over prosjektrekneskapane

### Fylkesrådmannen, 03.01.2014

Deloitte har revidert prosjektrekneskapane 30.04.13 og 09.08.13 og stadfesta at dei gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Total kostnadsramme for dei 20 prosjekta er på kr. 16 495 000 og rekneskapen totalt er på kr 16 862 259. Dette er eit negativt avvik på kr. 367 259 eller -2,2%.

Av litt større prosjekt kan nemnast ombygging på Os vgs, mjølkerobot på Voss jordbruksskule og Stend jordbruksskulegard og utbetring og utbygging ved Austevoll tannklinikk. Elles er det mange prosjekt innanfor brannsikring, enøktiltak, kjøp av diverse utstyr og utbetring av elektriske anlegg på vidaregåande skular. Fylkesrådmannen viser til kontrollutvalssak 21/13 med oversyn over prosjektrekneskapar som er vedlagt saka.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 28.08.13 og vedtok følgjande uttale samrøystes:

«

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane

«